



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Administrasjonen

200905347-24
KRN

Norges Vassdrags- og energidirektorat Region Sør
Postboks 2124

3103 TØNSBERG

Ref. NVE 200905347-13

Vår ref. 13/4881-2
S11/LTOR

Dato 12.12.2013

**Svar - Søknad om løyve til Klovfoss og Støyldalen kraftverk - Nissedal kommune
Skagerak Kraft AS**

Vi viser til oversending frå NVE dagsett 30.10.2013 der fylkeskommunen er førespurt om å gje førehandsfråsegn i samband med ein søknad.

Saka gjeld konsesjon etter vassressurslova to kraftverk i Nissedal kommune.

Telemark fylkeskommune har vurdert saka ut frå dei omsyn vi skal ta hand om gjennom sektorlovgivinga og allmenne interesser; typisk er omsyn til kulturminne, kulturmiljø, friluftslivsinteresser, landskapsverdi og andre allmenne interesser.

Vi har følgjande merknader til søknaden:

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Vi har ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne innafør planområdet. Registreringar av automatisk freda kulturminne som er gjennomført i samband med utarbeiding av t.d. økonomisk kartverk er ofte mangelfulle. Vi ynskjer difor å registrere området før vi gir endeleg uttale til planen. Det er fyrst og fremst visuell overflateundersøking og prøvestikk med spade etter ikkje-synlege automatisk freda kulturminne (t.d. steinalderlokalitetar) som er aktuelt. Desse inngrepa vil føre til minimale skader i marka.

Etter at planen er lagt ut til offentleg ettersyn har det regionale kulturminnevernet tre månader uttalefrist, med høve til forlenging, med heimel i kulturminnelova § 9, 2. ledd. Det er ein fordel at registrering av automatisk freda kulturminne blir gjort allereie på varselstadiet slik at ein kan unngå konflikhtar seinare i planprosessen.

Arkeologiske registreringar kan berre gjennomførast når marka er fri for frost og snø. Normalt er den arkeologiske feltsesongen frå midten av april til november. Sidan det no er vinter, vil registreringa bli gjennomført til våren/sommaren.

Vi viser vidare til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta av offentlege og større private tiltak og til § 10 om at utgifter til særskilt gransking må dekkast av tiltakshavar. Timesatsen er frå 1.1.2012 kr. 830,-.

	Dagsverk	Kostnad
Forarbeid		
Overflateregistrering	10	62 250

Prøvestikking		
Maskinell sjakting		
Metallsøking		
Andre metodar		
Etterarbeid	2	12 450
Totalt	12	74 700

Vi tek atterhald om at timeprisen kan endras. Dersom uventa forhold fører til forlenga registrering og såleis auka utgifter for tiltakshavar, vil vi varsle om dette. Tilsvarande vil vi varsle om vi brukar kortare tid enn rekna med.

I tillegg til dette kommer eventuelle utgifter til handsaming og datering av kolprøver, som i dag er 6000 kroner per stykk.

Vi føreset at tiltakshavar/plankontor tek ansvar for fylgjande:

- Grunneigarar, forpaktarar og andre som bur innfor planområdet må få beskjed om at det skal gjennomførast arkeologiske registreringar.
- Sende oss digital planavgrensing i sosi- eller shapeformat før undersøkingane skal gjennomførast.
- Fri tilgang til planområdet, gjennom til dømes å skaffe nøklar til vegbommar og informere om vegar som ikkje er kartfesta.
- Dyr på beite må haldast utanfor registreringsområdet.

Aksept på kostnadsoverslag og vilkår sendast til Telemark fylkeskommune, Fylkeshuset, 3706 Skien eller på e-post til arkeologi@t-fk.no. Vi ber om aksept i god tid før undersøkinga er ynskja gjennomført, og at den blir merkt med vårt saksnummer samt namn og adresse på fakturamottakar. Det må reknast ventetid på å få gjennomført arkeologisk feltarbeid.

Registrering med heimel i kulturminnelova § 9 blir ikkje rekna som einskildvedtak etter forvaltningsloven. Dette medfører at budsjettframlegget vårt ikkje kan påklagast, men kommunen/tiltakshavar kan be Riksantikvaren vurdere om kostnadsoverslaget er rimeleg.

Automatisk freda kulturminne skal som hovudregel bli vist som *omsynssone* i plankartet, jf plan- og bygningsloven §§ 11-8 d (bandlegging etter kulturminnelova) og 12-6. Omsynssona skal bli fylgd av reguleringsføresegn som sikrar omsynet til kulturminna, jf pbl § 12-7. Omsynssona let seg ikkje kombinere med arealformål nemnt i pbl § 12-5 som inneber inngrep. Vi gjer merksam på at sikringssona rundt eit automatisk freda kulturminne ikkje vil vere tilstrekkeleg for å ta vare på kulturminnet og konteksten det opptrer i. Omsynssona bør av den grunn omfatte meir enn sikringssona fastsett av kml § 6. Den geografiske avgrensinga av omsynssona skal skje i samråd med regional kulturminneforvaltning.

Om det viser seg at det er konflikt mellom automatisk freda kulturminne og tiltak ifylgje planen, og fylkeskommunen vil tilrå at planen blir godkjent, skal spørsmålet om dispensasjon frå den automatiske fredinga avklarast gjennom reguleringsplanprosessen. Saka blir då oversendt Riksantikvaren for vurdering. Om Riksantikvaren tillet at reguleringsplana blir godkjent, vil det vanlegvis bli stilt vilkår om ein arkeologisk utgraving før planen kan realiserast. Dette vilkåret må ein innarbeide i reguleringsføresegna. Utgifter til utgravinga må berast av tiltakshavar, jf kulturminnelova § 10. For meir informasjon viser vi til våre internettsider

(<http://www.telemark.no/kulturminne>) og Riksantikvarens heimesider (<http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Veiledning/>).

Eventuelle spørsmål kan rettast til rådgjevar Geir Sørum, tlf. 35 91 72 75.

Omsyn til nyare tids kulturminne

Vi kjenner ikkje til etter-reformatoriske kulturminne av nasjonal verdi eller interesse i planområdet. Det ligg det fleire SEFRAK-registrera bygg i nærleiken. På noverande tidspunkt kan vi ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med nyare tids kulturminne i nærleiken.

Omsyn til friluftsiinteresser

Det er ikkje registrert statlig sikra friluftsområder i influensområdet. Vi reknar difor med at befolkingas tilgang til friluft- og rekreasjonsområder ikkje vil bli influert negativt i for stor grad.

Vi ser det også som viktig at anleggsvirksomheiten utføres så skånsamt som mulig.

Omsyn til vassmiljø

Håtveitåi ligg i Nidelva vassområde i Agder vassregion. Gjennom det pågåande vatnforvaltningsarbeidet etter vassforskrifta er elva definert til å ha god økologisk miljøtilstand.

Gjennom vassforskrifta arbeidas det etter eit føre-var-prinsipp i forhold til nye tiltak i vassdrag. Målet er at miljøtilstanden ikkje skal forverras dersom den er god og at den skal forbetras dersom den er dårlig. Eit overordna mål er å oppnå naturtilstand i vassførekomstane. Dette forutsett at ikkje samfunnsinteressene med tiltak er større enn det å ha/oppretthalde naturtilstand.

Med ev. utbygging av desse småkraftverka vil vassførekomsten bli sterkt påverka. Det leggas opp til lange strekningar med rørgater som leder vatnet vekk frå naturlig elveløp. Ein stiller spørsmål ved om foreslått minstevassføring vil være nok til å oppretthalde god økologisk tilstand, som jo er et mål i vassforvaltninga. Konsulent som har gitt råd til søker vedrørende miljøforhold, legger til grunn mykje større minstevassføring enn det det søkas om. Ved eventuell konsesjon bør det settas krav om minstevassføring stor nok til å oppretthalde god økologisk tilstand i elva.

Tiltaket vil lokalt påverke leveområde for lokal fisk i betydelig grad. Man ser det derfor som viktig at man sikrar minstevassføring for å oppretthalde akseptable leveområde for fisk. Ikkje minst er det viktig at gyteområder sikras stabil vasstand gjennom året, slik at gyte/oppvekstområder ikkje utsettas for tørkeperiodar eller botnfrysing i normale vintre. I tillegg vil ein viss minstevassføring være positivt for friluftslivet. Skulle ikkje dette vise seg praktisk mulig, bør utbygger legge til rette og bidra med kultiveringstiltak i dei aktuelle vassdraga, og tilsvarande vassdrag i nærleiken.

Naturgrunnlaget i Nissedal er påverka av til dels mykje kraftutbygging og andre inngrep (hytter, skogsbilvegar t.d). I NVE sine databaser over potensialet for ny vasskraftutbygging, går det fram at det er stor sannsynlegheit for at det kommer fleire søknader om småkraftverk. Det er derfor viktig å vurdere summen av påverknad av eksisterande og mulig ny vasskraftutbygging i denne delen av vassområdet Nidelva. Helheitleg vassforvaltning legger og til grunn bruke interesser så som landskapsoppleving, reiseliv, friluftsliv,- utover det vatnøkologiske. Verkinga på vassdragslandskap og vassdragsnatur sett i en større samanheng enn bare dette vassdragsavsnittet, bør det leggas vekt på ved konsesjonsbehandlninga.

Vurdering

Det må takas tilstrekkeleg omsyn til fisk og vassmiljø.

Det er så langt ikkje klart om konsesjonssøknaden er i konflikt med automatisk freda kulturminne). Fylkeskommunen vil av den grunn ikkje gje endeleg fråsegn til konsesjonssøknaden før registreringa etter kulturminnelova § 9 er oppfylt, dvs. at den varsla registreringa er gjennomført.

Med helsing



Torbjørn Landmark
rådgjevar - Avdeling for areal og transport
torbjorn.landmark@t-fk.no

Sakshandsamarar: Ingrid Strande, Ole Bjørn Bårnes, Torbjørn Landmark, Anund Johannes Grini, Geir Sørum

Kopi: Fylkesmannen i Telemark, Mva. Postboks 2603, 3702 Skien.
Vannområdet Nidelva v. prosjektleder Tanja E. Øverland, Åmli kommune, Gata 5, 4865 Åmli
Nissedal kommune, 3855 Treungen
Vannregionmyndigheten i Agder; Vest- Agder fylkeskommune, Postboks 517 Lund, 4605
Kristiansand